

Saksbehandlar: Ole Gunnar Krakhellen, Oppvekst
Sak nr.: 21/756-49

Godkjenning av framforhandla forlik i rettssak

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommunestyre godkjenner det framforhandla forliket mellom Sogndal kommune og Juana Patricia Calderon Montero og Nils Kristian Bratteteig.
2. Rådmannen får fullmakt til å betale ut det avtala beløpet.
3. Den økonomiske konsekvensen av forliket vert finansiert ved å nytte generelt disposisjonfond.

Vedlegg:

Framforhandla forlik mellom Sogndal kommune og Juana Patricia Calderon Montero og Nils Kristian Bratteteig

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I juni 2019 mottok Sogndal kommune varsel om stemning for Sogn og Fjordane tingrett, knytt til ei barnevernssak frå slutten av 2016. I dom frå Sogn og Fjordane tingrett 22.12.21 kom tingretten til at det låg føre ansvarsgrunnlag og årsakssamanheng for nokre av tapspostane synt til av motparten, men ikkje alle.

Sogndal kommune ved rådmannen valde å anke dommen til Gulating lagmannsrett. Etter handsaming av ein interpellasjon i kommunestyremøte 18.02, vart det avgjort at spørsmålet om anka skulle handsamast i ei eiga sak. Det vart difor kalla inn til eit ekstraordinært kommunestyremøte 11.03.21. I dette møtet fatta kommunestyret følgjande samrøystes vedtak i sak 28/21: «*Kommunestyret tek saka til vitande*».

I si orientering til kommunestyret i handsaminga av sak 28/21 sa dåverande rådmann at ho ønskte å gjere eit nytt forsøk på å løyse saka gjennom forhandlingar. Sogndal kommune har difor via vår advokat meldt til motparten og Gulating lagmannsrett at vi er positive til å gjennomføre rettsmekling. Denne var beramma til 4. mai 2021. I førebuingane til rettsmeklinga var det dialog med partane via lagmannsretten, og det vart konkludert med at det var mogleg å inngå eit forlik. Forliket er ei minneleg avslutning av

saka, der Sogndal kommune betalar motparten kr 1 250 000,- Denne summen inkluderer alle motparten sine utgifter med saka. Med dette oppgjøret er partane samde om at alle forhold knytt til søksmålet og ankesaka er opp- og avgjort.

2. Vurderingar og konsekvensar

Rådmannen vurderer at administrasjonen har fulgt opp det som vart sagt til kommunestyret 11.03.21, og har forhandla fram ei minneleg løysing som partane har signert på. Med dette kan saka avsluttast utan vidare handsaming i rettssystemet. Vi vil ikkje få dei juridiske avklaringane som har vore peika på som eit føremon ved ei ankehandsaming av saka i lagmannsretten. Det er rådmannen si vurdering at avtale om forlik ikkje vil gi grunnlag for presedens for påståtte feil gjort av Sogn barnevern. Moglege erstatningskrav må bygge på dokumenterbare handlingar i det enkelte saksforhold. På grunn av tingretten si konkrete bevisvurdering til dette spesifikke saksforholdet gir ikkje dommen generell overføringsverdi.

Rådmannen har difor, etter ei samla vurdering, kome til at ei forhandlingsbasert løysing, vil vere beste løysinga i saka slik den står no.

3. Konklusjon

Rådmannen har vore tydeleg på at dersom det er grunnlag for å gjere nye vurderingar, så skal desse gjerast. Med bakgrunn i tingretten sin dom, som gir grunn til å tru at motparten ikkje kan nå fram med det vesentlege av sitt erstatningskrav, har det vore ein føresetnad for kommunen at motparten måtte redusere sitt krav. I det framforhandla forliket har baa partar bevega seg frå sine utgangspunkt, og ei semje er på plass.

Rådmannen vil difor tilrå at det framforhandla forliket vert godkjent, og at rådmannen får fullmakt til å betale ut det avtala beløpet innan fristen 15.05.21. Den økonomiske konsekvensen av forliket vert finansiert ved å nytte generelt disposisjonfond og verknaden av dette vert å innarbeide i 1. tertialrapport.